

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim

Austrheim Songlag Julekonsert Lys i mørket



Austrheim kyrkje

Søndag 19. desember kl. 17.00 og 20.00

Dirigent: Elisabeth Jensen Risnes
Gjestedirigent: Steinar Ebbesvik
Organist/pianist: William Kay
Gjestemusikarar

Billettpris vaksne kr. 200,- og born kr. 100,-
Førehandssal: Mastrevik Bok og Papir
og  Austrheimsonglag

Kyrkjebakken nr 09 – 2021 – Julenummeret – 50 årgang – nytt stoff innan 14.jan



KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslaup 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjevevje:

Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde 906 95 377
Kyrkjevevje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside,
facebook og plakat for
eventuelle endringar.

Det skjer:

Søndag 28.nov
Lysmesse kl. 19.00

Torsdag 02.des kl 18.00
Konsert med Austrheim skulekorps
m/ gjester

Fredag 10.des kl. 18
Gudsteneste for alle

Søndag 12.des
Konsert Tiriltunge kl. 18.00

Søndag 19.des
Konsert Austrheim songlag kl. 17 og 20

Fredag 24.des
Gudsteneste ved Harald Sundsbø
kl. 14.30 og 16.00

Laurdag 25.des
Gudsteneste ved Rune Minde kl. 12.00

Søndag 09.jan
Julesongfest kl. 11.00
Søndagskule

Søndag 30.jan
Gudsteneste
ved Rune Minde kl. 11.00
Søndagskule



Ei kroppslig jul

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vår og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleve slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppslig, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppslig som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslige samlinga.

Gud søkjer oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko atterhald.

Så når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vær trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ein glad og velsigna jul!

Halvor Nordhaug - Biskop i Bjørgvin

Min Julesalme

Anne-Margrete Heltne Øksnes



Det er så mange fine og kjære julesalmar som eg er svært glad i. Dei me lærte i barndommen, har nok festa seg ekstra godt!

Eg har alltid vore glad i song og musikk, og sunge i kor. Tankane går ofte tilbake til jula heime i min oppvekst i Volda, med mykje song og musikk i heim og skule, konsertar, juleselskap og julefestar! Barnegudstenesta på julafta, og så til juleotte kl 07, også kalla ottesong, første juledags-morgon, var høgdepunkt! Tradisjon i Volda sidan 1800-talet! Heilt spesiell oppleving å kome til kyrkja så tidleg om morgonen, og då som oftast så fint med julesnø! Etter som me nærma oss, høyrde me Hornmusikken spele vakre juletonar frå kyrkjetårnet! Det var viktig å vere tidleg ute, for kyrkja fyltes opp. Songkor frå galleriet stemte gjerne i: Glade jul til preludium! Då var det Jul! Dette er framleis ein fin tradisjon der!

Julesalmen som eg har valt her, er Julestjerna, skriven for over hundre år sidan av prost Johannes A. Barstad i Volda. Ein fin tekst om julebodskapen, og mykje brukt på Sunnmøre. Melodi av J. P. E. Hartmann, tonen er som til bryllupssalmen: La huset bli bygget. På barneskulen eg gikk var Julestjerna fast på programmet til julefestane, stas å synge i skulekoret framfor fullsett aul! Lenge var det tradisjon at skulekoret også song stjernesangen på juleotta, seinare song dei denne julafta.

JULESTJERNA

*Sjå stjerna som blenkjer om julenatta klår!
Ho ber ein god bodskap at fodd er frelsar vår.
Av Herrens nådeljos det strålar no ned,
frå opne himmelporten, stor glede og fred.
Ja, sælt er det sinn, der det ljøs får gå inn.*

*Og medan stjerneljoset med bod gikk over jord,
då høyrdest frå himlen eit strålende kor.
Ja, bortved Betlehem, alt over hyrdeeng
der spelar tusen englar på gullharpestreng.
Å høyr då eingong deira jublande song!*

Til slutt må eg ta med ein nyare julesong: En stjerne skinner. Tekst: Eivind Skeie Melodi: Tore W. Aas Noko av det vakraste er å lytte til Oslo Gospel Choir synge denne! Sangen minner meg også mykje om adventstid og øvingar til julefestane på Årås skule!

EN STJERNE SKINNER I NATT

*Nå er den hellige time. Vi står i stjerneskinns og
hører klokkene kime. Nå ringes julen inn.*

*Englene synger høyt i kor, synger om fred
på vår jord. Verden var aldri helt forlatt.
En stjerne skinner i natt.*

*En nyfødt kjærlighet sover. Nå er Guds himmel nær.
Vår lange vandring er over. Stjernen har stanset her.*

*Se himlen ligger og hviler på jordens gule strå.
Vi står rundt krybben og smiler, for vi er fremme nå.*

*Her kan vi drømme om den fred som vi
skal eie en gang, for dette barn har himlen med,
og jorden fylles med sang!*

BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

**FONNES FILIAL OPNAR FOR
PUBLIKUM FRÅ OG MED
TORSDAG 26. AUGUST.**

Filialen vil vera open for publikum torsdagar

14 - 16.30.

Fonnes filial sine opningstider følgjer elles skuleruta, og vil vera stengt i skulen sine feriar.

**Følg med på Facebook eller
plakat for eventuelle
endringar grunna smittevern**

God bok



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgnet.
Legevakt 116117

Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl. 08.30 - 15.00.

**Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING
MÅNDAGAR!**

Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Di barndoms kyrkje



Det er varmt i kirkerommet, og det er fylt av ungdommer. Lydprøvene er unnagjort, Afrikanske A capella -sanger, Gospelnights med el-gitar, bass, piano og trommer, eller musikal om fremmedfrykt. Trond Einar Sørensen justerer de siste kor-mikrofonene. Alle er med. Ernst Stellberg dokumenterer det hele med video-8 fra galleriet. Snart skal det dundre løs...

Jeg var en av dem som ble tatt med i kirken fra jeg var liten, bestukket med pastiller og fargeblyanter. Senere i voksenlivet, i dåpssamtale med min egen datter, sa presten i hovedstaden: «Det er så mange ulike religioner og gudshus særlig her i byen. Gi henne trygghet på hva du tror på. Ta henne med i kirken og lær henne hvor dere hører til».

Ingvild Daae


Tilbake til min ungdomstid i Austrheim. Helgaljod hadde på det meste mer enn 70 medlemmer. Hver onsdag møttes vi i krikaen for å øve. På den måten ble Austrheim kirken for mange av oss veldig tilgjengelig. Vi hadde egen nøkkel. Kirken var ikke et fremmed hus, men kirken var også vår. Her fikk vi utfolde oss. Helgaljod la grunnlaget for så mye mer enn bare musikkleden. Kjærestepar ble til ektepar, ungdomsledere ble til prester, vi tok ungdomskulturen inn i kirken, uten at det tok bort det høytidelige som kirkerommet alltid har vært for meg.

Jeg husker nerver for solosang, men mest av alt glede. Glede over å fylle kirken til randen av folk. Fulle kirker med sang, trampeklapp og fellesskap. Vi var så stolte over det vi fikk til.

TAKK FOR TRU TENESTE

I mange år har Egil Sætre styrt storskjermene i Austrheimkyrkja. Det har vore godt med ei stø hand som får fram både liturgi, salmar og bilete på skjermene. Han begynte med dette i slutten på 2015, og har møtt opp trufast på gudsteneste etter gudsteneste. No er tida komen for at han ønsker å gi seg med dette, og me i kyrkja vil rette han ein stor takk for innsatsen han har gjort gjennom alle desse åra.

Tusen takk!





Austrheim sokn



Døypte

24.oktober
Tuva Lerøy Myklebust



Mange takk

Mange takk til diakoninemnda for oppmerksomheten på min 83 årsdag , og til Aud som kom med den.

Helsing Hildur Isaksen

Hjarteleg takk

Hjarteleg takk til diakoninemnda for gode hjarte i anledning min 80-årsdag,og takk til Målfrid som kom med dei.!

Helsing Kjell Matre



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilproduzentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



BoschCarService.no

For everything your car needs.



Utfører vasking, rensing og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887





Salmekveld




Tenk å få vere så heldig å få besøk av ein salmediktar som har med si eiga salmebok. Ja, ikkje berre at han har tatt med seg si private, men faktisk har ei eiga salmebok med sjølvskrivne songar. Det var det som skjedde 22.okt i Austrheimkyrkja då Eyvind Skeie kom for å halde salmekveld saman med oss. I dagane føre hadde Jostein og forsongargruppa øvd mykje på akkurat desse salmane, så då Eyvind kom og leia oss gjennom kvelden, vart det rett og slett stemningsfullt. Eyvind Skeie er ein allsidig mann. I tillegg til å vere prest og salmediktar så har han og vore med å lage Portveien 2 og Sesam stasjon. Begge flotte barnetv-program med mykje flott song og musikk. Det var kjekt at så mange tok turen til Austrheimkyrkja denne kvelden. Det var god fellessong, og Eyvind hadde og nokre solosongar til oss. Det er slik kveldar som er god mat for sjela.



Til sals hjå Mastrevik
Bok og Papir
og Servicekontoret

kr. 350,-



Søndag 12. desember
kl.18.00
Austrheim Kyrkje

Vaksen kr. 100,-
Born kr. 50,-
Familiepris (foreldre+born) kr.200,-
Billettsalg ved inngang.

Minnegudsteneste og helgemesse

Laurdag 06.november var det open kyrkje. Her kom du inn i kyrkjerommet der det vart spelt roleg musikk og du hadde høve til å tenne lys. I ein travel kvardag kan det vere godt å koma inn ein plass og roe ned medan det kjem opp bibelvers på skjermene og pianomusikk ut gjennom høgtalarane. Etter eit par timar med open kyrkje gjekk me over til minnegudsteneste. Den var open for alle som ville kome, men dei som hadde mista nokon siste året hadde fått invitasjon sidan

me skulle lese opp namna på dei som var gått bort. Det var ei gudsteneste med fokus på sjelesorg. Organisten vår, Jostein Hauge, hadde med seg ein av våre nye sambygdingar, Jan Kåre Hystad, på saksofon, og det vart eit flott samspel mellom piano, saksofon og song. Han var og med på helgemesse dagen etter. I kyrkja sin tradisjon er denne dagen ein dag for håp, i trua på Jesu oppstode og Guds kjærleik som er sterkare enn døden.



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!



Knüter CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



MINI FRISØRSALONG

Ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Årshøgda 10.

Timebestilling:
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no




Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

2021 Juletesal

Vi kan levere
kranser
mot bestilling før
10. desember

LIKE VED MASTREVIK TORG

**MANDAG 10. DESEMBER
TIL OG MED 22. DESEMBER
FRA KL 10.00 – KL 17.00.**

Har også stort utval i
mosekranser,
barkkranser, hjarte og puter.

Har også julenek.
Pris fra kr 50,-

Treng du kransar
eller juletre
tidlegare ring
Tlf 957 47 903.
Tormund Nesse.



basifot

AUSTRHEIM

*Julegavetips:
gavekort på fotbehandling*



**Velkommen til fotbehandling!
Jeg holder til i lokalene til
Årås Sanitetsforening**

Jeg selger også sko og
fotpleieprodukter.

Autorisert fotterapeut
Janet H. Rebnord Talberg
Tlf. 98613252
austrheim@basifot.no



Juletesalg Litlelindås



**RISTNA BRUK ØNSKER GAMLE OG NYE KUNDER VELKOMMEN
TIL JULETRESKOGEN VÅR INNE PÅ LITTLELINDÅS 101.**

FØLG OSS PÅ FACEBOOK FOR MER INFORMASJON.

Her kan vi tilbyr deg økologisk dyrka
juletre rett fra skogen, eller du kan
finne deg et som står utstilt ved løa vår.

Vi er selvfølgelig behjelpelig med både
saging og pakking av ditt juletre.

Det vil også være salg av
egenproduserte kranser, kristtorn
buketter, gravpynt,
juledekor og diverse strikkeprodukter
samt Ramløk purè,
olje, krydder og salt.

Vi tar bestilling på bar/mosekranser og

Gravpynt fra første søndag i advent
For å komme i ekstra god julestemning
så fyrer vi i bålpanna samt servering av
gløgg og pepperkaker

Ta med heile familien til en koselig tur
i juletreskogen.

Åpningstider:

04/05 des fra kl 11 - 16

11/12 des fra 11 - 16

18/19 des fra 10 - 16

Om du vil komme og merke deg et tre
eller finne deg et tre som er utenom
disse tidene, så er det bare å ta kontakt
på mob 905 63 722/917 57 109 eller
på FB-siden til Ristna Bruk.

Vi vil også ha utsalg ved
REMA Mongstad fra 13-22 des.
Hos oss kan du betale med kort,
kontant eller vipps
500 kr for selvhogst og
600 for ferdig hugget.



Austrheim Seniorkor inviterer til adventskafé

TID: SØNDAG 5. DESEMBER KL 15.00
STAD: AUSTRHEIM SENIORSENTER

Program:
Korsong, Allsong
Anna underholdning
Kaffi med noko attåt
Eoddsal

Dirigent: Kjersti Wiik
Pianist: Jostein Hauge

Pris: kr 100 pr person
\born gratis



Austrheim Pensjonistlag

innbyr pensjonistar, medlemmer og andre, til førejulstreff/ julebord på Seniorsenteret onsdag 8. desember kl. 16.

Ord for dagen v/ Rune Minde.
Song og musikk v/ Jostein Hauge.
God julemiddag, kaffi og iskake, det vert god prat kring borda, vi syng julesongar og håper på ei koseleg førejulsstund.

Du vert vel med?
Du kan melde deg på til Oddlaug Austrheim, tlf. 97 97 44 85 eller til Solbjørg Sætre, tlf. 97 63 82 83 innan 3. desember.
Hjarteleg velkomne!

NB! Vi må ta atterhald om smittesituasjonen, men håper at vi i år kan samlast til eit hyggjeleg førejulsstreff.

Helsing Styret.



Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt. Ho har fått namnet Grace, for ho er både ei gåve og ein nåde, fortel den stolte mora.

La Grace få fylle fem år

Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt. Ho har fått namnet Grace, for ho er både ei gåve og ein nåde, fortel den stolte mora. Akkurat no ligg Grace trygt i armane til mamma, berre ein dag gamal. Omfamna av mors kjærleik og nærleik etter ein god og trygg fødsel. Diverre er tala dystre, mange barn i Afrika lever aldri til dei blir fem år.

Av Anette Torjusen
Foto: Håvard Bjelland

Inst i kroken på fødeavdelinga høyrer vi små forsiktige grynt. Då vi kikar inn,

ser vi at det er Grace som er i ferd med å vakne. Ho ligg trygt i famnen til mamma på ei av sengene i salen. Berre timar har gått sidan ho vart fødd.

– Eg kjenner meg så lykkeleg, Grace er det første barnet mitt, og det er så mykje større enn eg hadde førestilt meg. Eg håpar ho får ei trygg og god framtid, det er alt eg ønskjer meg, smilar mamma Anita Lamisoni (24).

Høge dødstal

Grace er fødd i Malawi, på fødeavdelinga til helsesenteret



Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt. Ho har fått namnet Grace, for ho er både ei gåve og ein nåde, fortel den stolte mora.

Mbwatarika, som Kirkens Nødhjelp har bygd. Alt er godt og trygt for Grace no, men utanfor veggane ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som dør før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin.

Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda, som står i mange kriser. Akutt vassmangel, tørke og flaum gjer at tilgangen til mat er kritisk. Så kritisk at Grace har femti prosent sjanse for at veksten hennar blir hemma før ho fyller fem år. I tillegg har pandemien også gjeve eit valdsamt oppsving i talet på barneekteskap og tenåringsgraviditetar. I nokre område har dette dobla seg.

Sjølv om tala for barnedødsfall har gått kraftig ned, er dei framleis dramatiske.

I 2019 døydde det 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Og kvar du blir fødd har mykje å seie. Barnedødstala er ni gongar høgare i Afrika enn i Europa.

Ein god start på livet byrjar med ein trygg fødsel, difor har Kirkens Nødhjelp bygd fødeavdelingar fleire stadar i Malawi. Samstundes som vi syter for gode jordmødrer.

Då Grace vart fødd var det Hilal Wasil (27) som var jordfar på vakt. Han tok imot Grace og hjelpte Anita gjennom sin første fødsel. Og Anita kan ikkje få fullrost han.

– Eg kjende meg både trygg og teken hand om på beste måte, så no kan eg

faktisk seie at eg hadde ein fin fødsel, sjølv om han var lang og vond.

Hilal, som også er ansvarleg for svangerskapskontrollane, kan ikkje få understreka nok kor viktig det er å kome seg til ei fødeavdeling. Han rykkjer også ut på motorsyssel til mødrer som ikkje når fram i tide.

– Vi ser at mange går over tida, aborterer eller får massive blødingar etter fødsel. Difor er det så viktig at gravide og nybakte mødrer blir følgde tett opp. Hilal Wasil er jordfar på fødeavdelinga ved helsesenteret som Kirkens Nødhjelp har bygd. Her sjekkar han at alt står bra til med Grace etter fødselen nokre timar tidlegare.

Anita får berre ei natt på sjukehus før ho må reise heim, det er mange som skal fø og det er kamp om plassane. Totalt dekkjer fødestova 3000 hushald.

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødstala var høge. Jesus overlevde spedbarnstida på trass av den urolege verda han vart fødd inn i.

2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under fem år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødte i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi. Vi kan vere med å gje nyfødde Grace og andre barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi byggje fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Saman forandre. Slik at fleire får fyller fem år.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



**SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE
JULEGÅVA I ÅR:**

Vipps eit valfritt beløp til 2426.

Send GAVE på sms til 2426 og gje 250,- kroner.

Gåvekonto: 1594.22.87248